



**Sameiga Uskedalen Brygge, Uskedal Trelastlager og dei som bur langs vegen til Beinavikjo søkte for to år sidan om vegljøs på kommunal veg.**

Kostnaden var rekna til kr. 80.000,-

Då rekna ein med å kunna bruka nokre av dei gamle punkta.  
Grunna manglande midlar har ein ikkje makta å få dette til.

Ivar Kåre Døssland i kommunen fortel no til uskedalen.no at det kanskje kan la seg gjera å få montert vegljøs i 2011.

I arbeidet med budsjettet for 2011 vert det lagt inn kr.300.000,- til vegljøs på kommunale vegar.

Beinavikjo er på prioriteringslista. Vegen er smal utan fortau. Det er med tida komen til mange brukarar og vegen er viktig for føremålet næring.

Tekst: Kristian Olav Bringedal

Foto: Ola Matti Mathisen